

Mandat for Språkbankens råd

Nasjonalbiblioteket har i St.prp. nr. 1 (2009-2010) fått ansvaret for å realisere ein norsk språkbank. Språkbanken skal vere ein teknologisk infrastruktur i form av digitaliserte språkressursar til bruk innanfor alle former for språkbasert teknologi på alle samfunnsområde og for alle aktørar. Dette femnar kommersiell og ikkje-kommersiell utvikling av språkteknologiske produkt, utvikling av offentlege tenester og språkforskning. Språkbanken blir slik eit viktig språkpolitisk tiltak som sikrar at norsk språk er utgangspunktet for utvikling på desse områda i framtida, jf. St.meld. nr. 35 (2008-2009) *Mål og meining – Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*.

Språkbanken skal innehalde kvalitetssikra digitaliserte språkdataressursar i form av tekst og tale. Han skal òg innehalde databasar der språkdata er strukturerte eller koda på ulike måtar, og program og applikasjonar som kan gjere slik strukturering eller koding. Ressursane i Språkbanken skal følgje nasjonale og internasjonale standardar, og bli fortløpande oppdaterte og supplerte i tråd med den faglege og teknologiske utviklinga på feltet. Slik oppdatering og supplering skal òg ta omsyn til dei ulike brukargruppene sine behov. Språkbanken vil altså ha ein dynamisk karakter. Nasjonalbiblioteket skal, i tråd med sitt generelle samfunnsoppdrag, syte for forsvarleg bevaring, formidling og tilgjengeleggjering av ressursane.

Språkbankens råd skal hjelpe Nasjonalbiblioteket å nå desse måla. Rådet skal vere ein arena som syter for informasjonsutveksling mellom relevante institusjonar og aktørar. Rådet skal slik bidra til å kartlegge brukarbehov, til å prioritere mellom desse behova, og det skal ha ein strategisk og fagleg retningsgjevande funksjon i spørsmål om vidareutvikling og utbygging av Språkbanken. Rådet skal òg sikre at Språkbanken blir bygd ut i tråd med rådande språkpolitiske føringar.

Nasjonalbiblioteket, Oslo, 12. april 2010